

Bøen, og etter å ha fått 4 barn så døde ho, og han vart då gift med ei Martine frå Drammen.

Han kjøpte seg gard i Ulvangen, og dreiv ellers med notbruk og anna fiskeri.

Susanne Ås f.1826. Ho vart gift med Jens Kristian Olsen frå Meisfjord, men etter at dei hadde fått 2 barn så drukna han, og ho vart då gift med Ole Johan Olsen Båtstø.

John Jørgen f.1831. Han vart gift med Ane B.Handotter frå Somarseth, og dei overtok farsgarden hennes.

Alette Marie Ås f.1814. Ho vart gift med Johannes Olsen Meisfjord, og dei overtok 1/3 av garden. Alette døde nokså ung, så Johannes vart gift med Abel Mortensen, Bjørsvika.

37.

Susanna Ås Andreasdotter f.1793.

Ho var dotter til Andreas Andersen og kona Maren Ås Pedersdotter på Sandnes. Sjå ellers nr.36.

38 - 39.

Hans Hansen Ancarsnes f.1739.

Han var far til Ane Elisabet Hansdotter, og han var enkjemann og kårmann i 1801, så ein kjem ikkje lengre tilbake. Sjå nr.19.

Mora til Ane Elisabet er ikkje å finne.

40.

Cornelius Jensen Sirijord f.1762.

Han var født på Sirijord, og overtok garden etter foreldra sine. Han vart gift med Inger Marie Tomasdotter frå Leinesodden f.1770 d.1803. Ein finn desse barna i ekteskapet:

Tomine f.1793. G.m. Tomas Kristophersen, Krokvik.

Beret Marta f.1795. G.m. Nils Olsen Leinesodden.

Jakobia f.1799.

Mons Jørgen f.1802. G.m. Adriana Andreasdotter, Simsø.

Olina f.1797.

Cornelius Jensen kollsigla på Meisfjorden og drukna. Inger vart då oppatgift med Cornelius Jonsen Holmvik. Kort tid etter døde Inger, og Cornelius Jonsen vart så gift med Synnev Pedersdotter frå Markvold. Det var då 3 slag søsken i familien.

41.

Om Inger Marie Tomasdotter, vises til nr.40.